



## Aukra kommune

## Møteprotokoll

Utval: **Kommunestyret**  
Møtestad: Kommunehuset  
Dato: 21.06.2016  
Tid: Frå kl. 13:05 til kl. 18:40

Faste medlemmar som møtte:		
Bernhard Riksfjord	Leiar	AP
Helge Kjøll jr.	Nestleiar	KRF
Katrine Rindarøy	Medlem	AP
Rolf Harald Blomvik	Medlem	AP
Anne Elin Øverbø	Medlem	AP
Berit Cesilie Bytingsvik	Medlem	AP
Heidi Evelyn Løklingholm	Medlem	SP
Rune Stig Skeide	Medlem	SP
Pål Terje Huse	Medlem	AL
Rita Rognskog	Medlem	V
Olav Myrseth Oterhals	Medlem	V
Grant Johansen Solem	Medlem	FRP
Odd Jørgen Nilssen	Medlem	H
Ingebjørg Nergaard	Medlem	H
Ole Rakvåg	Medlem	H
Baard-André Fanghol	Medlem	H
Amalie Sandøy	Medlem	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Audhild Mork	Medlem	AP
Kevin Solem	Medlem	AP
Oddvar Hoksnes	Medlem	KRF
Arne Hjelmås	Medlem	KRF

Varamedlemmar som møtte:		
Randi Birkeland Myklebust	Audhild Mork	AP
Frode Klev	Kevin Solem	AP
Marie Hoksnes Kjøll	Oddvar Hoksnes	KRF
Ann Ingeborg Julnes	Arne Hjelmås	KRF

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad, kommunalsjef Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef Geir J. Göncz, servicesjef Aaslaug Søreide, økonomisjef Erna Varhaugvik, personalkonsulent Ingunn Misund, plansjef Kjell Lode, utbyggingssjef Terje Urdshals, personalsjef Rannveig H. Sporsheim, kultursjef Anne Jorunn Sandøy, prosjektleiar Gerd Nerbø, einingsleiar Jorunn Hurlen, formannskapssekr. Anita Raknes Otterlei

## **PS 54/16 Kommunereforma i Aukra**

### **Rådmannen si tilråding:**

1. Med m.a utgreiingar, tidlegare kommunestyrevedtak, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking og rådgjevande folkerøysting som samla grunnlag ser Aukra kommunestyre ei kommunesamanslåing mellom Aukra og Midsund kommune som ønskjeleg. Det er ein naturleg konsekvens av vedtak om utbygging av vegsambandet «Kjerringsundet».
2. Om ikkje «Kjerringsundet» vert realisert fortset Aukra som eigen kommune.
3. Aukra kommune er positiv til initiativ om grensejusteringar, der deler av Søre Fræna og deler av Sandøy blir ein del av Aukra kommune.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 13.06.2016**

#### **Behandling**

**Rita Rognskog la fram følgjande nytt forslag frå Venstre, KRF og Senterpartiet:**

1. Med bakgrunn i folkerøysting om kommunesamanslåing, der vi fekk eit klart råd frå dei som deltok, ynskjer Aukra kommunestyre ikkje å slå seg saman med andre kommunar.
2. Når bru over «Kjerringsundet» let seg realisere vil det være naturleg å ta opp til ny vurdering om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman.
3. Aukra kommune er positiv til initiativ om grensejusteringar, der deler av Søre Fræna og deler av Sandøy blir ein del av Aukra kommune.

**Odd Jørgen Nilssen (H) la fram følgjande forslag:**

Aukra kommune slår seg saman med ein eller fleire Romsdalskommunar med Molde som kommunesentrum

**Ordførar Bernhard Riksfjord sette fram følgjande forslag:**

1. Aukra kommunestyre viser til utgreiingar, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking, rådgjevande folkerøysting og tidlegare kommunestyrevedtak, som tilfredsstillande for eit samla grunnlag til avgjersle om kommunereform. Aukra kommunestyre vedtek med dette som bakgrunn at Aukra fortset som eigen kommune.
2. Når eit endeleg vedtak er fatta om utbygging av vegsambandet «Kjerringsundet». Vil det være ein naturleg konsekvens av vedtak om utbygging av «Kjerringsundet», å kunne gå vidare med følgjande: Aukra kommunestyre ønskjer ei kommunesamanslåing mellom Aukra og Midsund kommune i sin noverande form når det omtala prosjektet «Kjerringsundet» er vedtatt og kjem på plass.
3. Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinitiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenleg og ønska.

Pause på 10 minutt

**Forslaget frå Venstre, KRF og Senterpartiet vart trekt****Forslaget frå ordførar Bernhard Riksfjord vart trekt****Fellesforslag frå Aukra SP, Aukra KRF, Aukra AP og Aukra V:**

1. Aukra kommunestyre viser til utgreiingar, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking, rådgjevande folkerøysting og tidlegare kommunestyrevedtak, som tilfredsstillande for eit samla grunnlag til avgjersle om kommunereform. Aukra kommunestyre vedtek med dette som bakgrunn at Aukra fortset som eigen kommune.
2. Når bru over «kjerringsundet» let seg realisere vil det være naturleg å ta opp til ny vurdering om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman.
3. Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinisiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenleg og ønska.

Tilrådinga frå rådmannen fall, 0 mot 7

Forslaget frå Odd Jørgen Nilssen (H) fall med 5 mot 2 stemmer

Fellesforslaget frå SP, KRF, AP og V, vart vedtatt med 5 mot 2 stemmer

## **Innstilling frå formannskapet:**

1. Aukra kommunestyre viser til utgreiingar, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking, rådgjevande folkerøysting og tidlegare kommunestyrevedtak, som tilfredsstillande for eit samla grunnlag til avgjersle om kommunereform. Aukra kommunestyre vedtek med dette som bakgrunn at Aukra fortset som eigen kommune.
2. Når bru over «kjerringsundet» let seg realisere vil det være naturleg å ta opp til ny vurdering om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman.
3. Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinitiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenleg og ønska.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 21.06.2016**

### **Behandling**

**Pål Terje Huse (AL)** sette fram følgjande forslag til nytt pkt. 2:

Når brua over Kjerringsundet let seg realisere, vil det være naturleg å ta opp til ny vurdering om Aukra kommune skal slå seg saman med Midsund kommune eller bli ein del av ein større Romsdalskommune

**Amalie Sandøy (H)** la fram følgjande forslag:

Aukra kommune slår seg saman med ein eller fleire Romsdalskommunar med Molde som kommunesenter

**Heidi Løklingholm (SP)** la fram følgjande tilleggsforslag til pkt. 2

Når bru over Kjerringsundet let seg realisere vil det være naturleg å ta opp til ny vurdering om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman. Aukra kommunestyre er positive til å ta opp att prosessen med Midsund etter vedtak om Kjerringsundet

**Helge Kjøll jr. (KRF)** ba om gruppemøte før avstemming

Det vart halde gruppemøte i 15 minutt

Forslaget frå **Heidi Løklingholm (SP)** vart trekt

**Fellesforslag** frå SP, AP, KRF, V til nytt pkt. 2:

Når bru over Kjerringsundet let seg realisere vil vi ta opp på nytt om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman. Aukra kommunestyre er positive til å ta opp att prosessen med Midsund etter vedtak om Kjerringsundet

**Forslaget frå Amalie Sandøy (H)** fall med 5 mot 16 stemmer

Forslaget frå Pål Terje Huse til pkt. 2, fall med 6 mot 15 stemmer

**Fellesforslag** frå SP, AP, KRF, V, til nytt pkt. 2: vedtatt med 15 mot 6 stemmer

Innstillinga frå formannskapet:

pkt 1. vedtatt med 16 mot 5 stemmer

Pkt. 2. fall med 15 mot 6 stemmer

Pkt. 3 samrøystes vedtatt

## Vedtak

1. Aukra kommunestyre viser til utgreiingar, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking, rådgjevande folkerøysting og tidlegare kommunestyrevedtak, som tilfredsstillande for eit samla grunnlag til avgjersle om kommunereform. Aukra kommunestyre vedtek med dette som bakgrunn at Aukra fortset som eigen kommune.
2. Når bru over Kjerringsundet let seg realisere vil vi ta opp på nytt om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman. Aukra kommunestyre er positive til å ta opp att prosessen med Midsund etter vedtak om Kjerringsundet
3. Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinitiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenleg og ønska.



## Aukra kommune

Arkivsak: 2013/490-58  
Arkiv: 026  
Saksbeh: Geir J. Göncz  
Dato: 04.05.2016

### Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

### Kommunereforma i Aukra

#### Rådmannen si tilråding:

1. Med m.a utgreiingar, tidlegare kommunestyrevedtak, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking og rådgjevande folkerøysting som samla grunnlag ser Aukra kommunestyre ei kommunesamanslåing mellom Aukra og Midsund kommune som ønskjeleg. Det er ein naturleg konsekvens av vedtak om utbygging av vegsambandet «Kjerringsundet».
2. Om ikkje «Kjerringsundet» vert realisert fortset Aukra som eigen kommune.
3. Aukra kommune er positiv til initiativ om grensejusteringar, der deler av Søre Fræna og deler av Sandøy blir ein del av Aukra kommune.

#### Vedlegg

- 1 Intensjonsavtale Aukra-Midsund
  - 2 Intensjonsavtale ROR
- Alle utgreiingar/rapportar uprenta

#### Særutskrift:

#### Bakgrunn:

Stortinget gjorde 18. juni i 2014 vedtak om at det skal gjennomførast ein kommunereform. Siktemålet er at stortinget skal handsame forslag til ny kommunestruktur og ev. nye oppgåver våren 2017. Følgjande mål er skissert i kommuneproposisjonen for kommunereforma:

#### « 1. Gode og likeverdige tjenester til innbyggerne

*Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tjenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tjenester.*

## 2. Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling

Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal betre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal- og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.

## 3. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner

Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetting. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en meir effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.

## 4. Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver

Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»

## **Utgreiing:**

### **POLITISKE VEDTAK**

I tillegg til faste orienteringar på kommunetyremøta, har Aukra kommunestyre handsama kommunereforma gjennom følgjande saker:

- I sak 7/14 om kommunesamarbeid/kommunesamanslåing vart det vedteke å sette i gang ein prosess for å utgreie kommunesamarbeid og eventuell samanslåing av Midsund og Aukra
- I sak 80/14 vart rapporten «Aukra og Midsund kommuner – Interesse for kommunesammenslåing (Agenda Kaupang)» tatt til vitande
- I sak 81/14 vart det vedteke å delta i hovudprosjektet i ROR når det gjeld utgreiing av framtidig kommunestruktur
- I sak 125/14 om Aukra sin prosess for det vidare arbeidet
- I sak 85/15: «1. Aukra kommunestyre tek Telemarkforskning sin sluttrapport til orientering. 2. Det vert etablert eit sonderings- og forhandlingsutval med ordførar, varaordførar, ein representant frå kommunestyret og rådmannen. 3. Aukra kommune ser Aukra-Midsund som sitt primære alternativ. Andre alternativ er Aukra som fortsatt eigen kommune. Og som eit tredje alternativ, vert det vidare samtalor/drøftingar/forhandlingar om Ny-kommune med ein eller fleire andre ROR-kommunar  
4. Milepælsplan vert justert i tråd med vedlagte plan»
- I sak 7/16: «1. Aukra kommune tek rapporten om "Beskrivelse av ny kommune-Romsdalshalvøya" tilorientering.2. Aukra kommune ser på Aukra – Midsund som sitt primære ønske. Dette under forutsetning av at vi får etablert eit brusamband mellom Gossen og Otrøya. Forhandlingane med Midsund kommune held fram. Formålet er å få til ein intensjonsavtale som kan leggje grunnlaget for etablering av ein ny kommune. Alternativt Aukra kommune som eigen kommune – 0 alternativet. 3. Aukra kommunestyre kan ikkje tilrå alternativet ny kommune-Romsdalshalvøya. Det vert fortsatt deltaking i dei møta som ROR arrangerer, sidan dette er eit av alternativa som blir lagt fram til folkerøysting. 4. Aukra kommunestyre vil leggje fram følgjande tre alternativ i samband med ei rådgjevande folkeavrøysting den 25. april 2016:  
1. Samanslåing mellom Aukra kommune og Midsund kommune. Dette under forutsetning av at vi får etablert eit brusamband mellom Gossen og Otrøya. 2. Aukra kommune som eigen kommune – 0-alternativet. 3. Ein stor kommune med kommunane på Romsdalshalvøya.

## 5. Aldersgrense for å stemme blir 16 år, født i år 2000"

### INVOLVERING OG PROSESS

#### Dialogkafe

For å tilrettelegge for informasjonsspreiing vart det etablert ein fast uformell møtestad der kommunen sin politiske og administrative leiing møtte innbyggerane. Dette i form av ein «dialogkafe» på frivillighetssentralen sine lokaler første torsdag kveld i februar, mars og april.

#### Folkemøter

Det har vore arrangert opne folkemøter/informasjonsmøter i fleire omgangar, på hausten (oktober 2015) i samband med innbyggerundersøkinga og i april 2016 i samband med/før folkerøystinga.

#### Ungdomsskolen

Ungdomsrådet har hatt kommunereforma som tema på sine møter. Representantar frå ungdomsrådet har delteke på dialogkafe. Det har vore gjennomført eit «undervisningsprogram» om kommunereforma for 9 og 10 klasse på Gossen barne og ungdomskole og 10 klasse på Julsundet.

#### Referansegruppe

Til å gje formannskapet som prosjektgruppe råd om kommunestruktur er det etablert ei referansegruppe med deltaking frå Aukra næringsforum, hovudtillitsvald, råde for likestilling av funksjonshemma, eldrerådet, ungdomsrådet, leiargruppa i kommunen.

#### Heimesida

På kommunen si heimeside har alle relevante dokument vore publisert under ei eiga «temaside».

#### Facebook

Ein har søkt å kunngjøre og melde om aktuelle hendingar på kommunen si Facebookside.

#### Kommuneavisa

Forutan eit eige «temanummer» i kommuneavisa om kommunereforma, er det søkt informert i kvart nummer om kommunereforma.

#### Hustandsavis

I forkant av den rådgjevande folkerøystinga vart det utarbeida ei informasjonsavis som vart send til alle husstandar, med praktisk informasjon om valet og med utdjupande informasjon om dei to intensjonsavtalane og om konsekvensvurdering av Aukra som eigen kommune.

#### Innbyggerundersøking

I perioden 21-30 september 2015 vart det gjennomført ei innbyggerundersøking i form av telefonintervju til eit representativt utval. Rapport frå undersøkinga ligg ved som uprenta vedlegg til saka. Av sentrale resultat frå undersøkinga kan nemnast:

- 64% i liten grad behov for ei kommunesamanslåing
- 57% meiner kommunen bør vere organisert som i dag, medan 40% meiner ein samanslåing med ein eller fleire kommunar
- 73 % ser Midsund som den mest ønskjelege kommunen for ei samanslåing. På spørsmål om ein må slå seg i saman, svarar 82% Midsund
- 64% (78% på Julsundet) meiner kommunen ikkje kan delast



- Sjølv om eigedomsskatten fell bort svarar signifikant fleire nei (55%) på spørsmål om behov for samanslåing
- 72% ser heller ikkje behov for samanslåing sjølv om vegsambandet «Kjerringsundet» ikkje blir bygd
- 60% ser ikkje behovet for samanslåing sjølv om fleire/nokre av nabokommunane slår seg saman

### Rådgjevande folkerøysting

Den rådgjevande folkerøystinga den 25.4.16 hadde ei valdeltaking på 45.4.% (51,4% på Gossen og 30,6% på Julsundet). Deltakinga blant 16-17 åringar var 44.6% på Gossen og 50% på Julsundet.

Alternativ	TOTALT	Gossen	Julsundet
Eg ønskjer at Aukra fortset som eigen kommune	59.3%	63.5%	38.8%
Eg ønskjer at Aukra skal slå seg saman med Midsund kommune	24.1%	25.8%	15.4%
Eg ønskjer at Aukra skal slå seg saman med ein eller fleire Romsdalskommunar	15.6%	10%	44.3%
Blank	0.8%	0.7%	1.5%

### ANDRE INITIATIV

Ordførar mottok brev frå ordførar i Sandøy kommune 21.12.15, med ønskje om signal frå Aukra kommune om det kan vere aktuelt å sjå nærare på ei kommunegrensejustering, der Ona, Sandøya og Orten vert ein del av Aukra kommune. Seinare trakk Sandøy kommune denne førespurnaden tilbake, men Aukra kommune har stilt seg positiv til initiativet og til å utgreie dette nærare.

### Vestnes

Etter initiativ frå Vestnes kommune har det vore gjennomført eit sonderingsmøte 14.01.16 i høve mogleg ny kommune Vestnes-Midsund-Aukra. Både Vestnes og Midsund har omtala eit slikt alternativ i sine kommunestyrevedtak.

Konklusjonen/uttalen frå dei tre sonderingsutvala frå dette møtet var: «Kommunane ser positivt på eit framtidig samarbeid når samferdselsløyser mellom kommunane er på plass».

Møreaksen vil ikkje vere på plass før tidlegast 2023. Ein eventuell ny kommune med dei tre kommunane er ikkje gjennomførbar før Møreaksen er på plass. Alle dei tre kommunane har andre alternativ som primære alternativ, jf kommunestyrevedtak. Såleis er det pr dato usikkert om ein etter 2017 (endeleg vedtak om kommunesamanslåing) har dei same tre forhandlingspartar/kommunar. Det er semje om ikkje å ta inn dette alternativet i dei rådgjevande folkerøystingane i dei tre kommunane.

### Fræna

9. desember 2015 vart det gjennomført eit møte med sonderingsutvala i Fræna og Aukra. Det var felles semje om ikkje å gå vidare med forhandlingar for ein ny kommune, men bygge vidare på samarbeid på konkrete tenesteområde.

Gjennom prosessen med kommunereform er det motteke fleire innspel om at deler av søre Fræna vert ein del av området på Jendem/Julsundet. Seinast har rådmannen i Fræna i si tilråding vist til ei grensejustering. Rådmannen er positiv til initiativet og til å utgreie om deler av søre Fræna kan bli ein del av Aukra kommune.

### UTGREIINGAR

## **ROR/Romsdalsregionen**

Som ein del av prosessen i romsdalsregionen om ulike moglege/ønskjelege samanslåingsalternativ, har Aukra kommune delteke saman med kommunane i ROR på å engasjere Telemarksforsking til å utgreie konsekvensar. Det er utarbeida følgjande rapportar:

Delrapport 1: Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

Delrapport 2: Berekraftige og økonomisk robuste kommunar

Delrapport 3: Gode og likeverdige tenester

Delrapport 4: Styrka lokaldemokrati

Delrapport 5: Sluttrapport – Kommunestruktur i Molde-regionen

Vurderingane i delrapportane er gjort med utgangspunkt i nasjonale føringar og ekspertutvalet sine kriterier for god oppgåveløysing som ekspertutvalet har lagt til grunn for kommunane sine roller som demokratisk arena, tenesteytar, mynde og samfunnsutvikling. Rapportane er omfattande og følgjer saka som uprenta vedlegg. Ei oppsummering i høve dei aktuelle alternativa for Aukra er ein del av sakframlegget i neste avsnitt.

## **Aukra-Midsund**

I samband med prosessen mellom Aukra og Midsund vart det utarbeidd ein forstudie av Agenda Kaupang august 2014 om «Interesse for kommunesammenslutning». Rapporten er først og fremst ein presentasjon av resultatane av ein større intervjuundersøking om haldningar til samanslåing i dei to kommunane sine politiske, administrative miljø og andre organisasjonar. I tillegg vurderer studien mulegheita for å lykkas med ei kommunesamanslåing.

I tillegg er alternativet med ny kommune Aukra og Midsund greidd ut gjennom Telemarksforsking sine rapportar som vist til ovanfor. I desse rapportane er konsekvensane for dette alternativet vurdert i høve til stortinget sine 4 hovudmåla med kommunereforma.

## **Intensjonsavtalar**

Aukra kommune har delteke, saman med dei andre kommunane i romsdalsregionen, på forhandlingar om intensjonsavtale for ny «Romsdalskommune». Ordførar har på vegne av forhandlingsutvalet signert avtalen. Intensjonsavtalen er vedlagt saka.

Aukra kommune og Midsund kommune har over lengre tid hatt samtalar omkring mogleg kommunesamanslåing. Som resultat er det utarbeida og underskriven ein intensjonsavtale for ny kommune mellom Aukra kommune og Midsund kommune. Intensjonsavtalen er vedlagt saka.

## **3 ALTERNATIV**

Aukra kommunestyre har i sak 7/16 vedteke følgjande alternativ for den rådgjevande folkerøystinga:

- a. Samanslåing mellom Aukra og Midsund
- b. Ein eller fleire Romsdalskommunar
- c. Aukra som eigen kommune

I det vidare vert kvar av alternativa vurdert i høve hovudmåla med reforma. Til grunn for vurderingane av dei to samanslåingsalternativa ligg utgreiingar/rapportar som vist ovanfor.

## **A: AUKRA-MIDSUND**

Telemarkforskning sine oppsummeringar av fordelar og ulemper av alternativet Aukra-Midsund i høve dei 4 hovudmåla med reforma:

HOVUDEMA	FORDELAR	ULEMPER
<b>Økonomi</b>	<p>De økonomiske virkemidlene i kommunereformen vil utgjøre tilsammen 25 mill i engangsstøtte og reformstøtte.</p> <p>Netto driftsresultat samlet for kommunen i 2013 var 20.3 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er betydelig høyere enn nivået på 3 % som var anbefalt i 2013.</p> <p>Det vil være mulig å hente ut effektiviseringsgevinster knyttet til administrasjon og tjenester på til sammen 48 mill kr.</p>	<p>Våre beregninger viser at man fra sammenslåingstidspunktet vil få et rammetilskudd som er 0,4 mill kr lavere per år de første 15 årene.</p> <p>Inndelingstilskuddet som sammenslåtte kommuner får trappes ned i perioden 15-20 år etter sammenslåingen. Innen 20 år må det være realisert et effektiviseringspotensial tilsvarende størrelsen på inndelingstilskuddet. Nedgangen etter 20 år vil være 18.7 mill kr.</p>
<b>Tjenestetilbud</b>	<p>En større kommune kan gi et samlet og større fagmiljø med bedre kapasitet og kompetanse, spesielt på spesialiserte tjenester. Basistjenester som skole, barnehage, hjemmetjenester vil kunne videreutvikles der folk bor.</p> <p>Geografisk avstand innad i kommunen er liten nok til at det vil være mulig å samlokalisere enkelte tjenester, uten at det betyr mye dårligere tilgjengelighet for innbyggerne. Behov for sammenslåtte tjenester vil være avhengig av hva som kreves av fagmiljøer for å levere gode og effektive tjenester.</p>	<p>En sammenslåing vil i liten grad gjøre at kommunen kan håndtere flere oppgaver innad i egen organisasjon, og vil dermed i liten grad føre til endringer i behovet for interkommunalt tjenestesamarbeid.</p> <p>En sammenslåing vil i liten grad gjøre de involverte kommunen i bedre stand til å håndtere framtidig tjenesteproduksjon og øke valgfriheten. Samtidig kan økte avstander og større fagmiljø redusere eventuelle habilitetsutfordringer.</p>
<b>Samfunnsutvikling</b>	<p>En sammenslåing vil kunne føre til større fagmiljø og mindre sårbarhet knyttet til kommunens rolle som samfunnsutvikler.</p> <p>Dette alternativet er kun aktuelt dersom Kjerringsundforbindelsen realiseres, noe som vil binde de to kommunene sammen. Avstandene i en ny kommune</p>	<p>Den nye kommunen vil ha et befolkningsgrunnlag på 5413 innbyggere pr 1. januar 2014. Det er forventet en liten vekst fram mot 2040. ekspertutvalget anbefaler en kommunestørrelse på 15-20000 innbyggere, blant annet for å sikre tilstrekkelig kapasitet og relevant kompetanse til å drive samfunnsutviklingsarbeid og</p>

	<p>vil dermed være innenfor pendlingsavstand, mens fastlandsdelen av Aukra vil ikke «henge sammen» med resten av kommunen.</p> <p>Aukra har i dag det største kommunesenteret, og vil sannsynligvis være kommunesenter i en ny kommune.</p> <p>Det er variasjon i næringsstrukturen i en ny kommune, og en del arbeidsplasser i vekstbransjer. Næringsstrukturen er allikevel noe ensidig, og utsatt for konjunktursvingninger.</p>	<p>tjenesteyting. En kommune bestående av Aukra og Midsund vil være betydelig mindre enn denne størrelsen.</p> <p>Det er i dag liten interaksjon mellom kommunen. Dette skyldes blant annet at man må over to fergesamband for å reise fra kommunesenter til kommunesenter. Begge kommunene har høy innpendling til Molde, Aukra over 25% og Midsund over 15 %.</p>
<b>Lokaldemokrati</b>	<p>En sammenslåing vil sannsynligvis føre til en liten endring i valgdeltakelsen.</p> <p>Kvalitet i prosesser og vedtak kan bli bedre i en større enhet, med bedre kapasitet og kompetanse hos administrasjonen og dermed bedre kvalitet på beslutningsgrunnlag som blir forelagt de folkevalgte.</p> <p>Overkommelige avstander vil gjøre at det i liten grad vil være behov for tiltak for å styrke lokaldemokratiet.</p>	<p>En sammenslåing vil gi færre folkevalgte, noe som kan føre til større avstander mellom innbyggere og politikere. En sammenslåing vil derimot kunne øke muligheten for innbyggermedvirking på andre måter.</p> <p>Ved gitte forutsetninger (valgresultat, antall parti som stiller til valg og størrelsen på kommunestyret) vil sammenslåing føre til færre partier å velge mellom. Det vil være SV som faller ut.</p> <p>Det vil fortsatt være behov for interkommunalt samarbeid i regionen etter en sammenslåing, noe som er negativt for lokaldemokratiet.</p> <p>Sammenslåing vil i liten grad føre til at den nye kommune har potensial for å ta på seg nye oppgaver uten behov for å inngå interkommunalt samarbeid.</p>

## **B: ROMSDALSKOMMUNAR**

Telemarkforskning sine oppsummeringar av fordelar og ulemper av alternativet «Romsdalshalvøya» i høve dei 4 hovudmåla med reforma:

HOVUDMÅL	FORDELAR	ULEMPER
<b>Økonomi</b>	<p>De økonomiske virkemidlene i kommunereformen vil utgjøre til sammen 90 mill kr i engangsstøtte og reformstøtte. Netto driftsresultat samlet for kommunene i 2013 var 3.6 % som var anbefalt i 2013. Med dagens kraftpriser vil en sammenslåing hvor Nesset kommune inngår kunne gi 6 mill kr i økte inntekter årlig for en ny kommune. Det vil være mulig å hente ut effektiviseringsgevinster knyttet til administrasjon og tjenester på til sammen 110 mill kr.</p>	<p>Våre beregninger viser at man fra sammenslåingstidspunktet vil få et rammetilskudd som er 1 mill kr lavere pr år de første årene. Inndelingstilskuddet som sammenslåtte kommuner får trappes ned i perioden 15-20 år etter sammenslåingen. Innen 20 år må det være realisert et effektiviseringspotensial tilsvarende størrelse på inndelingstilskuddet. Nedgangen etter 20 år vil være 94.4 mill kr.</p>
<b>Tjenestetilbud</b>	<p>En større kommune kan gi et samlet og større fagmiljø med bedre kapasitet og kompetanse, spesielt på spesialiserte tjenester. Basistjenester som skole, barnehage, hjemmetjenester og sykehjemstjenester vil kunne videreutvikles der folk bor. Sammenslåing vil føre til at kommunen kan håndtere de fleste oppgaver innad i egen organisasjon, og får dermed tilnærmet ingen behov for interkommunalt samarbeid. En sammenslåing vil i stor grad gjøre de involverte kommunene i bedre stand til å håndtere framtidig tjenesteproduksjon og øke valgfriheten. Samtidig kan økte avstander og større fagmiljø redusere eventuelle habilitetsutfordringer.</p>	<p>Det vil være geografisk avstand innad i kommunen som gjør at dersom enkelte tjenester blir samlokalisert, kan det også bli lengre avstand og redusert tilgjengelighet for innbyggerne til de aktuelle tjenestene. Behov for sammenslåtte tjenester vil være avhengig av hva som kreves av fagmiljøer for å levere gode og effektive tjenester.</p>
<b>Samfunnsutvikling</b>	<p>Den nye kommunen vil ha et befolkningsgrunnlag på 47217 innbyggere pr 1. januar 2014. Innbyggertallet er forventet å vokse fram mot 20140. Det vil gi en kommune med tilstrekkelig kapasitet og relevant kompetanse til å håndtere oppgave innenfor tjenesteyting, samfunnsutvikling og lokaldemokrati. Molde vil være et naturlig kommunesenter i en ny kommune, både geografisk og befolkningsmessig. Flere av kommunene tilhører bo- og arbeidsmarkedsregion Molde, og har stor innpendling til Molde. Aura, Fræna og Gjemnes har over 25 % innpendling til Molde. En ny kommune vil utgjøre et</p>	<p>Avstandene innad i en ny kommune vil være overkommelige. Avstanden til de «gamle» kommunesentrene vil være innenfor pendlingsavstand på 45 minutter, mens noen tettsteder vil ha ca 1 time reisevei til Molde. Det vil være variasjon i næringsstrukturen i en ny kommune, men mange arbeidsplasser i bransjer som har hatt nedgang i antall arbeidsplasser siden 2000.</p>

	funksjonelt samfunnsutviklingsområde.	
<b>Lokaldemokrati</b>	<p>En sammenslåing vil sannsynligvis føre til liten endring i valgdeltakelsen.</p> <p>En sammenslåing vil føre til tilnærmet ingen behov for interkommunalt samarbeid i regionen, noe som vil styrke den direkte politiske styringen.</p> <p>Sammenslåing vil i stor grad føre til at den nye kommunen har potensial for å ta på seg nye oppgaver uten behov for å inngå interkommunalt samarbeid. En større kommune kan gi økt tyngde og slagkraft ovenfor regionale og statlige myndigheter. Kvalitet i prosesser og vedtak kan bli bedre i en større enhet, med bedre kapasitet og kompetanse hos administrasjonen og dermed bedre kvalitet på beslutningsgrunnlaget som blir forelagt de folkevalgte.</p>	<p>En kommunesammenslåing vil gi færre folkevalgte, noe som kan føre til større avstand mellom innbyggere og politikere. En sammenslåing vil derimot kunne øke mulighetene for innbyggermedvirkning på andre måter. Ved gitte forutsetninger (valgresultat, antall parti som stiller til valg og størrelse på kommunestyret) vil sammenslåing føre til færre partier å velge mellom. Det vil være de lokale listene i Aukra og Nettet som faller ut. På grunn av avstander, færre folkevalgte m.m, vil det i noe grad være behov for tiltak for å styrke lokaldemokratiet.</p>

## **C: AUKRA EIGEN KOMMUNE**

I og med at ein bygger vidare på dagens struktur kan det synest lite nødvendig med ei omfattande drøfting av alternativet Aukra som eigen kommune. Men kommunereforma, med føremål om å få til ein reduksjon i talet på kommunar og innføre nytt inntektssystem, legg opp til ei rekkje endringar for kommunane. Fram i tid vil Aukra kommune som vi kjenner det i dag stå foran mange endringar. Korleis ser framtida ut? Kva for utfordringar/endringar kan kommunen stå ovanfor?

### **Inntekter**

Aukra kommune kjem dårleg ut i framlegget til nytt inntektssystem. Kva som til slutt vert det endelege vedtaket i Stortinget er enno usikkert, men det kan synast rimeleg sikkert at Aukra kjem betydeleg dårlegare ut sett mot dagens inntektssystem. Forslaget som ligg føre kan innebere eit årleg kutt i basistilskotet på ca. 2.2 mill kr.

Så lenge eigedomsskattordninga vert vidareført vil Aukra kommune, til tross for årleg redusert basistilskot på ca 2.2. mill kr, kunne ha eit økonomisk handlerom som sikrar tenesteyting og utviklingsoppgåver framover.

Som kjend er eigedomsskattordninga under press. Eit bortfall eller stor endring i denne skatten vil få store konsekvensar for kommunen sine innbyggjarar. Det er ikkje mogleg å vere eksakt om kva for konsekvensar dette vil ha for drifta av kommunen. Pr i dag går ca. 75 mill kr av eigedomsskattinntektene inn i eksisterande drift for å oppretthalde tenestenivået.

Eigedomsskatten er langt på veg brukt opp, år for år, til fastlandssamband, driftstiltak og GassROR iks. Framtidig økonomisk handlefridom vil først og fremst kome av reduksjon i pengebruken til tenester/nedbemanning, dernest av eventuell auke i skattegrunnlaget på Nyhamna.

### **Oppgåver**

Regjeringa varslar at større kommunar kan få nye oppgåver. Stortingsmeldinga frå mars 2015 om oppgaveoverføringar varslar strengt tatt ikkje so mange nye oppgåver, og legg ikkje opp til at mindre kommunar får overført nye oppgåver. Det er sannsynleg at Aukra som eigen kommune ikkje vil få overført nye oppgåver i særleg omfang.

Blir det lagt større oppgåver til fortsatt generalistkommunar, vil dei små kommunane – både dei som av geografiske omsyn får lov til å vere små, og dei som frivillig vil vere små – måtte halde fram med interkommunale løysingar. Kva som skjer med interkommunale samarbeid ved ein eventuell større kommunesamanslåing, der Aukra kommune står utafor, er usikkert.

### **Arbeidskraft**

Når vi ser på kommunale årsverk per 1000 innbyggjarar i dag og fram mot 2020 og 2040, så vil det endre seg noko på barnehage og grunnskule, og auke mykje på pleie og omsorg. Veksten spesielt blant dei eldste eldre over 80 år vil vera høg, noko som vil krevja meir pleie- og omsorgstenester. Dette er noko som gjeld mange kommunar, og det kan verte ein kamp om relevant arbeidskraft til denne sektoren. Det er ei utfordring for Aukra at det òg er forventa nedgang i den yrkesaktive aldersgruppa (20-66 år) fram mot 2040, frå ein faktor på 3.5 yrkesaktive pr eldre i 2016 til ein faktor 2.5 yrkesaktive pr eldre i år 2040. Dette kan gjere det krevjande for kommunen å levere gode tenester på eiga hand.

Mange av kommunen sine tenester er «små» og spesialiserte, med få tilsette, og det er ei utfordring allereie i dag å sørge for å rekruttere og behalde gode medarbeidarar og ikkje minst skape fagmiljø som gjer at tilsette i slike sårbare tenester blir verande over tid.

Kva om Kjerringsundet ikkje vert realisert og Aukra fortsatt blir ein øykommune, kva for konsekvensar kan eit slikt scenario kunne ha for tilgangen på kvalifisert arbeidskraft? Vil ein endra kommunestruktur mot større kommunar andre stader gjere det meir utfordrande å skaffe framtidig arbeidskraft?

### **Kommunestruktur**

Det er stor usikkerheit om kva som vil bli det endelege resultatet av alle prosessane i dei øvrige kommunane. Vil det skje ei større maktforskyving i kommune-Norge, der nokre kommunar blir langt større enn andre? Vil ein kunne vidareføre «generalistkommunen», der alle kommunar skal ha same oppgåver?

Aukra er den av kommunane i regionen med tettast integrert arbeidsmarknad med Molde. Litt over 26% av innbyggjarane i Aukra jobbar i Molde. I grunnlaget for stortingsmeldinga går det fram at dersom kommunar har over 25 % innpendling til eit regionsenter så bør desse utgjere same kommune.

Over tid vil det kunne danne seg ei to-delning av kommunen, der fastlandet føler sterkare tilknytning til Molde enn til Aukra. Korleis vil dette eventuelt påverke kommunen, dersom kommunen held fram som eigen kommune?

### **Kjerringsundet/infrastruktur**

Kva om Kjerringsundet ikkje let seg gjennomføre? Sjølv med maks bompenginntekter og vedtak om 90 mill kr i 20 år frå Aukra kommune er vegsambandet ikkje fullfinansiert. Finansieringa av Møreaksen er ikkje på plass, Kjerringsundet AS sitt lån på ca. 2 mrd er det usikkert om Aukra kommune vil kunne få godkjent å garantere for. Vil Stortinget gje klårsignal, når finansieringa av legg til grunn eigeidomsatteinntekter i 20 år? Styret i Kjerringsundet AS arbeider intensivt med ulike strategiar for realisering av Kjerringsundsambandet, og samarbeider nært med eigar-kommunane om dette. Rådmannen går difor ikkje nærare inn i dette no.

### **FORDELAR OG ULEMPER**

Utgangspunktet og formålet med kommunereforma er at: «færre og større kommunar skal gje betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagte oppgåver, gje betre mogelegheiter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Som eit generelt prinsipp skal reforma legge grunnlaget for at alle kommunar kan løyse sine lovpålagte oppgåver sjølve».

Kortfatta kan ein sjå følgjande fordelar og ulemper med Aukra som eigen kommune i høve regjeringa sine 4 overordna mål:

<b>HOVUDMÅL</b>	<b>FORDELAR</b>	<b>ULEMPER</b>
<b>Lokaldemokrati</b> Tilførast fleire oppgåver og redusere det interkommunale samarbeidet?	Ei vidareføring av dagens kommune vil ikkje føre til færre folkevalde i motsetnad til ei kommunesamanslåing. Den politiske representasjonen per innbyggjar vil altså vere som før. Ved å vidareføre dagens struktur vil ein altså framleis kunne oppretthalde brei politisk deltaking, lokal identitet og engasjement, noko som er ein	Å vidareføre dagens kommune vil kunne innebere eit aukande behov for interkommunalt samarbeid for å kunne handtere både eksisterande og nye oppgåver på ein god og effektiv måte. Kravet til dei kommunale tenestene er stadig aukande, noko som vidare stiller stadig større krav til kapasitet og kompetanse i kommunane. For kommunar med lågt innbyggjargrunnlag blir det då



	viktig demokratisk verdi.	<p>stadig vanskelegare å møte desse krava.</p> <p>Sjølv om ein med interkommunalt samarbeid vil oppretthalde det politiske representasjon, kan den politiske styringa sett frå Aukra si side bli svekka. Dette fordi politikarane ikkje lenger får direkte politisk styring og kontroll med dei interkommunale samarbeida. Etter kvart som omfanget av interkommunale samarbeid aukar, blir også ein større del av den kommunale økonomien bunden opp i interkommunale løysingar. Det lokalpolitiske handlingsrommet kan såleis bli redusert.</p> <p>Ei anna muleg ulempe er at det kan bli utfordringar med å vidareføre fleire interkommunale løysingar, dersom det blir etablert ein større «romsdalskommune», og at interkommunale samarbeidsordningar som ein har pr i dag blir organisert inn i den nye kommunens basisorganisasjon.</p>
<b>Tenester</b> Tilstreккеleg kapasitet, relevant kompetanse og valfridom?	Fleire indikatorar peiker på at kommunen har god kapasitet og kompetanse. Det er noko varierende kor god kompetansen er innanfor ulike tenesteområder. Løysinga for Aukra har vore interkommunalt samarbeid, pr. dato om lag 46. Om ikkje eigedomsskatten endrar seg er det grunn til å tru at kommunen kan sørge for kapasitet og kompetanse.	Kommunen kan oppleve større utfordringar knytt til rekruttering, små og sårbare fagmiljøa og evne til å handtere auka krav til oppgåveløysingar. Fleire fagområde består av ca. 1 årsverk, noko som er sårbart. Ei betydeleg framtidig auke av den eldre delen av befolkninga vil gjere at pleie og omsorg må byggjast opp kraftig.
<b>Økonomi</b> Effektiv tenesteproduksjon og økonomisk soliditet?	Som eigen kommune vil Aukra fortsatt vere herre i sitt eige «økonomiske hus». Aukra har noko å gå på (fond) om kommunen vert ståande åleine og inntektene skulle verte lågare.	Som eigen kommune vil Aukra gå glipp av økonomiske verkemiddel knytt til kommunereforma (inndelingstilskot, eingongskostnader og reformstøtte). Til dømes vil Aukra-Midsund kunne motta 25 mill kr i eingongsstønad og reformstøtte. Inntektssystemet vil frå og med 2017 truleg vere utforma slik at det blir relativt meir ulønnsamt å vere eigen kommune.
<b>Samfunnsutvikling</b> Funksjonell bu- og	Aukra kommune har høge inntekter og difor betre høve til å	Regjeringa sitt ekspertutval foreslår ein kommunestorleik på 15 – 20 000

<p>arbeidsmarknadsregi on og kapasitet og kompetanse?</p>	<p>arbeide aktivt med samfunnsutvikling enn mange andre kommunar. Om ikkje eigedomsskatten endrar seg er det grunn til å tru at kommunen kan sørge for kapasitet og kompetanse.</p>	<p>innbyggjarar for å ha tilstrekkeleg kapasitet og relevant kompetanse til rolla som samfunnsutviklar, tenesteytar og til lokaldemokrati. Aukra er den av kommunane i regionen med tettast integrert arbeidsmarknad med Molde. Litt over 26% av innbyggjarane i Aukra jobbar i Molde. I grunnlaget for stortingsmeldinga går det fram at dersom kommunar har over 25 % innpendling til eit regionsenter så bør desse utgjere same kommune. Rolla som samfunnsutviklar er mellom anna avhengig av evna kommunen har til å drive god og effektiv planlegging og aktiv oppfølging av dette arbeidet. Dette føreset òg at kommunen har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar både til arealplanlegging, næringsarbeid, kulturtiltak, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap regional, nasjonal og gjerne internasjonalt. Auka krav til samordna regional arealutnytting vil vere utfordrande</p>
---	---	---

Det er fordelar og ulemper ved å etablere ein ny kommune. Fordelar kan vere sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, betre kvalitet og mangfald i tenestetilbodet, betre heilskapleg arealutnytting, moglegheiter til å prioritera næringsarbeid, større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Ein ny kommune vil bli ein større og meir ressurssterk kommune med potensielt betre økonomisk soliditet, og vil vere betre i stand til å handtere nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Ein ny kommune vil kunne stå betre rusta til å møte den kraftige veksten i talet på eldre.

Nokre av ulempene vil kunne vere større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.

Om ein vel å stå aleine, vil kommunen gå glipp av dei økonomiske verkemidla i kommunereforma. Dei varsla endringane i inntektssystemet vil også potensielt gjere det vanskelegare å bestå som eigen kommune. Om til dømes basistilskotet vert redusert, så vil det kunne bety fleire millionar i mindre inntekter for Aukra.

Eit av måla til regjeringa med kommunereforma er å styrke lokaldemokratiet gjennom mindre interkommunalt samarbeid og fleire oppgåver til kommunane. Slik sett vil ikkje «Aukra som eigen kommune» oppfylle dette målet i reforma.

## OPPSUMMERT

I ein oppheita debatt er det ofte vanskeleg å sjå at det er fordelar og ulemper med dei fleste saker. Slik også med kommunereforma og val av alternativ. Rådmannen ser at det er mange nyansar i kommunereforma og gjennom denne saka søkt å få fram både fordelar og ulemper med dei ulike vala ein står ovanfor.

Korleis svarar Aukra kommune sine alternativ på dei 4 hovudkriteria for kommunereforma og på framtidens utfordringar?

Det er ikkje å kome vekk frå at kommuneøkonomi er eit sentralt, om ikkje altoverskyggande spørsmål. Utan eigedomsskatt og med muleg redusert årlig statleg tilskot i nytt inntektssystem på 2.2 mill kr vil Aukra kommune ikkje kunne levere noverande og framtidige oppgåver. Med dagens inntekter vil Aukra kommune kunne ta imot for eventuelle nye kommunale oppgåver, slik tanken bak kommunereforma er basert på. Eigedomsskattregimet er under press og det er usikkert om og eventuelt korleis det vert endra. Rådmannen finn ikkje grunnlag for å forskuttere resultatet av dette i ein diskusjon om kommunestruktur. Om det blir vedteke omfattande endringar i eigedomsskatten vil Aukra kommune måtte ta ei ny vurdering om si oppgåveløysing/kommunestruktur.

Eit sentralt tema i kommunereforma er korleis kommunane løyser dagens og framtidens oppgåver. Kommunane ser ut til å få ein stadig sterkare rolle i løysinga av innbyggjaranes behov for tenester. Alle landets kommunar er «generalistkommunar»: om ein er liten eller stor, rik eller fattig, så kviler dei same oppgåvene og krava på den einskilde kommune. Samfunnsutviklinga har gått i retning av større grad av delegering, større fokus på rettigheter, med auka krav til rapportering, tilsyn og kontroll. Dette utfordrar fagligheita og kapasiteten i mange kommunar. Kommunestrukturen i Norge har vore nærast fast i 50 år. Da seier det seg nesten sjølv at struktur og oppgåver/ansvar vil kome på kollisjonskurs. Konsekvensane av denne utviklinga har vore kompensert gjennom interkommunalt samarbeid i stort omfang. Summen av interkommunale samarbeidsordningar er blitt så høg at mange meiner at dei er blitt uoversiktlege og at dei er kome på «utsida» av lokaldemokratisk styring og kontroll. Å gå ut igjen av slike ordningar er som regel ikkje noko svar på utfordringane. Rådmannen legg i spørsmålet om oppgåveløysing/interkommunalt samarbeid til grunn at desse har fungert godt og at det ikkje har vore eit ønskje tidlegare om å endre dette. Med bakgrunn i dei erfaringar Aukra kommune har med interkommunalt samarbeid legg ein til grunn at dette også vil fungere framover.

Eit anna sentralt kriterie i kommunereforma er at kommunestrukturen i større grad må tilpassast naturlege bo – og arbeidsmarknadsregionar. Regjeringa sitt ekspertutval har meint at kommunar med meir en 25 % innpendling bør samanslåast. Rådmannen kan ikkje sjå at dette kriteriet kan ha absolutt verdi i ein avgjerd om kommunestruktur. For det første vil eit slikt absolutt kriterie få enorme konsekvensar for organiseringa og kommunar, særleg på Østlandet/Oslofjorden. For det andre må ein gå ut frå at innbyggjarane fortsett å bu og jobbe som i dag, og at endra kommunegrenser ikkje har påverkar pendling/reiser.

I valet mellom dei 3 ulike alternativa som er aktuelle for Aukra er det naturleg å legge stor vekt på rapportane frå Telemarksforsking, innbyggjarundersøkinga og den rådgjevande folkerøystinga. Sjølv om resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga var rimeleg eintydig, der 59.3% ønskjer at Aukra fortset som eigen kommune, er det også her nyansar.

- Med ei valdeltaking på 45.4% (berre 30.6% i Julsundet) kan ein reflektere over kva fleirtalet i kommunen meiner
- Fleirtalet i Julsundet ønskjer at Aukra skal slå seg saman med ein eller fleire Romsdalskommunar

- Korleis må ein tolke at alternativet med Midsund fekk mindre oppslutning en tidlegare? I innbyggerundersøkinga som vart gjennomført september 2015 til eit representativt utval (i høve alder, kjønn, bustad), meinte 73% at Midsund var det mest ønskjelege alternativet. Rådmannen vil meine at den endra oppslutninga om Midsund-alternativet i folkerøystinga vart påverka av den siste tidas negative oppslag i media om Aukra blant nokre sentrale aktørar i Midsund. Signalet frå innbyggerane i Midsund er svært tydeleg om å gå saman med Aukra. Når nærare 76% (!) av innbyggerane i Midsund ser mot Aukra bør dette vere argument for å fortsette prosessen med Midsund kommune.

Realisering av Kjerringsundet/fastlandssamband har vore Aukra kommune sitt overordna mål over lang tid. Tidlegare kommunestyrevedtak i både Aukra og Midsund har lagt til grunn at kommunane går saman som ein konsekvens av dette vegsambandet. Så lenge dette vegsambandet ikkje er vedteke i Stortinget er det usikkerhet om og når det vert realisert. Så også om og når det kan ligge til rette for ei kommunesamanslåing mellom Aukra og Midsund. Rådmannen finn å legge avgjerande vekt på at realisering av Kjerringsundet vert kobla til kommunesamanslåing med Midsund. Det er vanskeleg å tenke seg at ein kan få forståing og oppslutnad frå fylkestinget, fylkesmann og til sjuande og sist stortinget om Kjerringsundet ikkje vert basert på ei regional strukturløysing. Rådmannen legg til grunn at Kjerringsundet blir realisert, og at ein naturleg konsekvens og føresetnad for dette er ei kommunesamanslåing av Aukra og Midsund.

Kommunereforma har og ein regional maktdimensjon. Aukra kommune er ein del av romsdalsregionen og er like avhengig som dei andre kommunane av at regionen lukkast og er konkurransedyktig. Utfordringa for kommunestyret i vurderinga av framtidas struktur er at det ikkje er tydeleg kva alle andre kommunar vedtek. Når det gjeld romsdalsalternativet er det usikkert kva kommunar som er aktuelle. Ikkje minst legg rådmannen vekt på kva som skjer av strukturendringar i regionar som Molderegenen «konkurrerar» mot. Kva skjer på sunnmøre, på Nordmøre, i andre regionar? Vil Molderegenen sin «tyngde» og slagkraft endre seg i negativ retning? I så fall vil dette også vere negativt for Aukra og grunn til å sjå kommunereforma i eit eventuelt nytt lys.

#### **Administrative konsekvensar:**

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Geir J. Göncz  
Kommunalsjef